



Kultur og kirkedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Vår dato: 05/05/04
Vår ref.: 2004/36
Dykkar dato: 20.01.04
Dykkar ref.: 2002/2484 KU/KU3IE:ksl
Sakshandsamar:

Omdanning av Norsk språkråd - høyring

Høgskulen i Volda har følgjande merknad til forslaget til omdanning av Norsk språkråd:

1. Det er svært viktig at det nye organet raskt kjem i gang med ei utgreiing av same type og same omfang som den svenske meldinga 'mål i mun'. Det har kome signal om at ein tenkjer seg ei utgreiing i meir beskjedent omfang, men det bør ein ikkje legge opp til. Vi treng ei grundig saksutgreiing av vilkåra for språk og skrift i Noreg i dag, som grunnlag for arbeidet til det nye organet.
2. Det er vidare svært viktig at det nye organet blir eit organ for språk i Noreg, og ikkje berre for norsk språk. Alle språkbrukarane må vere representerte. Det er særleg viktig at innvandrarak og andrespråksbrukarar av norsk får fast representasjon i styret for organet, ikkje minst fordi det er denne gruppa, framfor alle andre, som er målet for samfunnet sine språknormeringsstrategiar.
3. Det nye organet bør prioritere å arbeide fram ein plan for ein aktiv språkpolitikk i Noreg.
4. Ambisjonen om å gi organet ei fast samfunnsforankring må ikkje skje på kostnad av den språk- og kulturfaglege ekspertisen. Norsk språknormering har så langt, i stor grad vore styrt av interessentar som har vore representerte av fagleg kompetente folk. Dette har vore ein styrke. Organet må minst av alt prøve å skaffe seg ein skinnlegitimitet ved å utvatne fagkompetansen, og erstatte den med høgrøysta synsarar frå tilfeldige område av samfunnslivet.
5. Det nye organet bør initiere og finansiere forskning i samarbeid med dei etablerte miljøa ved universitet og høgskular. Norsk språkråd har generelt vore for lite utettervendt på denne måten. Det nye organet bør i mykje større ta initiativ til oppdragsforskning og meir langvarige prosjekt.
6. Vern og styrking av den nynorske skriftkulturen bør vere eit høgt prioritert område for det nye organet.

Med vennleg helsing

Gunnar Stave
Rektor